



ÅLESUND KOMMUNE

Multiconsult AS v. Sevrin Gjerde

Plan, byggesak og geodata

Saksbehandlar:
Elin-Grete Vatnehol
Tlf. 46 93 17 14

Dykkar referanse:

Vår referanse:

Arkivkode:

Dato:

21/6825-5 21/100196

L13 122/1

18.10.2021

- Referat fra oppstartsmøtet Erknefluda, Nordtaren, Skarvøyfluda- Detaljregulering

REFERAT FRÅ OPPSTARTMØTE

**Opplysningar frå tilsendt planinitiativ, jf. [forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering](#) (FOR) skal leggjast inn i referatet.*

Planidentifikasjon/ arkivsak-nr.	2021006825 21/6825
Sakstittel	Erknefluda, Nordtaren, Skarvøyfluda - gbnr. 122/1 - detaljregulering/reguleringsendring
Møtedato og møtestad	Torsdag 7. oktober klokken 14:00
Møtedeltakarar/rolle	Frå Ålesund kommune Anette Solbakk plansjef Hege Gjørund gruppeleiar Elin-Grete Vatnehol rådgjevar/saksbehandlar – plan Frå forslagsstillar Sevrin Gjerde, Multiconsult (plankonsulent) Ingvill Handegård Eikelund, Multiconsult Kamilla Selseth, Multiconsult Ole Bjørn Molnes, Kystverket (Tiltakshavar)
Stadnamn, gbnr.	122 / 1
Plantype, plannamn	Detaljregulering Erknefluda, Nordtaren, Skarvøyfluda-utbetring farlei
Formål med planen	Formål med planen Formålet med planen er å detaljregulere, farleia (ferdsel og/eller Farled), frå Røyrasundet i sør til Ålesund i nord (Erknefluda, Nordtaren og Skarvøyflua. Ein vil legge til rette for å utbetre ferdsele med båtar ved utdjuping gjennom å sprengje vekk masser

Postadresse:
Postboks 1521
6025 ÅLESUND

Sentralbord:
Tlf. 70 16 20 00

Organisasjonsnummer:
920.415.288

postmottak@alesund.kommune.no


www.alesund.kommune.no

	<p>ved grunnene Erknefluda, Nordtaren og Skarvøyflua. Dette skapar behov for å lagre masser og ein ynskjer å ha deponi i sjø eller på land.</p> <p>Dette er ei viktig ferdselsåre og tiltaket er prioritert i nasjonal transportplan 2022-2033</p>
Framlagt materiell	<p>Innsendt dokument</p> <ul style="list-style-type: none"> • Anmodning om oppstartsmøte • Planinitiativ <p>Utsnitt , kart av lokalisering deponi</p>
Verknader av reguleringsplanen utanfor planområdet	<ul style="list-style-type: none"> • Tiltaket kan ha påverknad på sjøinntaket til Atlanterhavsparken. • Realisering av planen kan skade naturmangfald i og over sjøflata.
Volum uttak av masse/massedeponi	<ul style="list-style-type: none"> • Det er berekna å ta ut ca. 35 000 m³ totalmasse for å djupe ut ferdselsåra som går gjennom Ålesund. Anslaget er foreløpig og vil endre seg når det blir gjort meir nøyaktige berekningar i planarbeidet.
Planlagde tiltak	<ul style="list-style-type: none"> • Grabbmuddring (mekanisk muddring) på split lekter. • Ved utdjuping av berg, sprenging og opphenting med grabb. • Der ein treff på lausmasser vil muddringsskråningane jamnast ut til ei halling på 1:3-1:4 eller slakare på grunn av havstraumar.
Funksjonell og miljømessig kvalitet	<ul style="list-style-type: none"> • Kan påverke havstraumar. • Vil påverke sjøbotnen. • Vil påverke dyreliv som fuglar osv. i anleggstida. • Vil gje ei tryggare ferdselsåre. • Vil opne opp ferdsel for større båtar. • Vil gje ein raskare ferdsel langs hovudfarlei på Mørrekysten.

PLANFØRESETNADAR

Gjeldande plangrunnlag for området

Kommunedelplanen sin arealdel for Ålesund 2016-2028 (09.03.2017).



Erknefluda, Nordtaren og Skarøyfluda ligg i arealformål NFFF «friluftsområde (6700)»

Reguleringsplan

Området er ikkje detaljregulert.

Pågåande planarbeid

Planområdet ligg i eit område for foreslått SVO, (Særlege verdifulle og sårbare områder). I forvaltningsplanane for alle dei norske havområda, dvs. Barentshavet, havområda utanfor Lofoten, Norskehavet og Nordsjøen/Skagerak, er det identifisert særskilt verdifulle og sårbare områder, SVO. Sidan denne første rapporten for området utanfor mørekysten kunn vurderer miljøverdiane, ikkje sårbarheit, har ein valt å bruke betegninga «Foreslått SVO». Der vil bli ei oppfølging der ein gjennomfører ei sårbarvurdering.

SVO-er gir ikkje direkte verknad i form av begrensing av næringsverksemd, men signaliserer at det er viktig å vise særskilt aktsemd i desse områda.

Det er ikkje i gang anna planarbeid i området.


Andre føringar (statlege, regionale og kommunale)


- Delar av tiltaket er prioritert i nasjonal transportplan 2022-2033, sjø omtale av korridor 4.
- Fylkesplan 2021-2024 for Møre og Romsdal for klima- og energiplanlegging.
- Differensiert forvaltning av strandsone langs sjøen.

	<ul style="list-style-type: none"> • For behandling av støy i arealplanlegging T-1442. • Rapport «foreslått SVO». • Forskrift om konsekvensutgreiing. • Naturmangfaldsloven.
Forhold til arealplanar i området*	<p><i>Jf. planinitiativ - FOR §1 2. ledd bokstav g:</i></p> <p>Kommunedelplanen for Ålesund blei vedteken 09.03.2017. Sjøområda er ikkje omtalt i særskilt grad i planen. I planområdet er det ei stipla linje som viser Skipsleia/farlei. Sjøområdet, som omfattar planområdet, har føremål NFFF, (natur, friluftsliv, fiske og ferdsel). Å skulle sprengje i fjell eller etablere deponi i sjø, er ikkje i tråd med kommunedelplanen for Ålesund.</p>
Krav om konsekvensutgreiing/planprogram*	<p>Kystverket/tiltakshavar</p> <p>I planinitiativet har tiltakshavar/Kystverket vurdert at detaljreguleringsplanen for utbetring av farleia utanfor Ålesund ikkje treng konsekvensutgreiing. Dette har dei vurdert ut frå § 6, farleia eksisterer i dag og det vil ikkje leggjast til rette for annan bruk enn i dag. Massedeponi skal vurderast for konsekvensutgreiing om massane som skal deponerast er over 50 000 kubikkmeter. Dei ønsker å få tilsendt sakspapira til framlagt prinsippsak, då Ålesund kommune har kome fram til ein annan konklusjon.</p> <p>Ålesund kommune</p> <p>Tiltaket skal vurderast etter §10 i forskrift om konsekvensutgreiing, om tiltaket kan ha vesentleg verknadar for miljø og samfunn, jf. vedlegg 2 punkt 11 k.</p> <p>Forskrifta vedlegg 2 punkt 10. e)iii; Utviding eller vesentleg endra bruk av eksisterande farleier set krav om at utviding av farleier skal vurderast etter forskrifta §10. I og med at tiltaket, utdjuing og massedeponi i sjø, er i strid med overordna plan og der er fleire forhold/punkt i forskrifta som tilseier at tiltaka skal vurderast etter §10 i forskrifta, så har kommunen gjort ei eiga vurdering av §10. Forskrift om konsekvensutgreiing §8, seier at følgande planar og tiltak i vedlegg II, skal konsekvensutgreiast om dei kan få vesentleg verknad for miljø eller samfunn etter § 10. men ikkje ha planprogram eller melding.</p>
Planfaglege vurderingar	<p>Ut frå ønsket til tiltakshavar om å få mynde til å legge planen ut til offentleg høyring sjølv, og at planen ikkje er i tråd med overordna plan, har sakshandsamar fremja saka som prinsippsak for planutvalet i Ålesund kommune. I saksframlegget blei både spørsmål kring overtaking av mynde og krav til konsekvensutgreiing vurdert. Det blei gjort slikt vedtak i sak142/21, den 28.09.2021:</p> <p>Planutvalet godkjenner at det vert starta opp detaljregulering for utbetring av farlei, ved Erknefluda, Nordtaren og Skarvøyfluda, inkludert massedeponi i sjø eller på land.</p> <p>Planutvalet overfører organisering av planarbeidet og planførebuing til statleg mynde; Kystverket, jf. plan- og bygningslova § 3-7. kystverket får</p>

	<p>då mynde til å legge planen ut til offentlig ettersyn.</p> <p>Føresetnad for overføring av planførebuing er at detaljreguleringsplanen skal utarbeidast med konsekvensutgreiing ut frå forskrift om konsekvensutgreiing. Kap. 3, §10, vedlegg II.</p> <p>Ålesund kommune skal som planmynde ha detaljplanen til godkjenning. Ein vil krevje at tiltakshavar har ein plan for medverknad som skal utarbeidast i samarbeid med Ålesund kommune. Konsekvensutgreiing ut frå Kap 3, §10 krev ikkje planprogram.</p> <p>Det er viktig at ein vurderer konsekvensen for alternative areal/plassering for deponi i sjø og på land.</p> <p>Tiltakshavar poengterer at det er viktig at ein tek omsyn til naturmangfald, men at planen varetek ein viss fleksibilitet, slik tiltakshavar får gjennomføringsevne.</p>
--	--

Planavgrensing





Viktige interesser, utgreiingsbehov og premisser for vidare planarbeid – førebels vurdering*

Naturmangfald	<p>I planområdet er det tareskogførekost som blir kategorisert som viktig. I området er det eit mangfald av fiskeartar, blant anna øypål som er mat for andre fiskeartar og sjøfugl. Her er trua, nær trua, sårbare artar og artar av stor forvaltningsinteresse, forvaltningsansvar for sjøfugl som hettemåke, fiskemåke, ærfugl, tyvjo, krykkje, storspove, teist, makrelltærne og toppskarv. Svartbak som er ein truga art, har funksjonsområde på Snegleværsholmen.</p> <p>Planområdet ligg i eit område for foreslått SVO, (særlige verdifulle og sårbare områder).</p>
Kulturlandskap og kulturminne	<p>I strandsona og ut i sjøen er det lagt inn ei omsynssone for kulturminne/kulturmiljø. Ved Tueneset er det blant anna krigsminne.</p>
Strandsone, sjø og vassdrag Fiskeri	<p>I sjøareala som ligg innanfor planområdet er det utbreiingsområde for brosme, uer, øypål, breiflabb, blålange, kysttorsk nord for 62° og brisling. Det er beiteområde for sild og beiteområde og oppvekstområde for sei. Både Brisling og torsk har gyteområde som grensar til planområde. I og rundt forslege planområde er det stor fiskeriaktivitet, både med passive og aktive reiskap.</p>
Omsyn til omgivnadane	<p>Utdjuping av leia vil medføre sprenging av fjell under sjø. Sprenging under sjø medfører partikkelspreiing og sjokkbølger. Dette kan få konsekvensar for inntaket for sjøvatt til Atlanterhavsparken, og påverke, sjøfugl, fisk og larvar. Det må vurderast avbøtande tiltak.</p>
VA	<ul style="list-style-type: none"> • Det ser ut som eventuelle tiltak blir liggende i betryggande avstand frå kommunens utsleppsleidningar ved Atlanterhavsparken.

	<ul style="list-style-type: none"> • Viktig å få utredet konsekvens av tiltaket i forhold til sjøvassinntak og nærleiken til Atlanterhavsparken.
Støy og støv/forureining Uttale frå kommuneoverlegen	<ul style="list-style-type: none"> • Det kom inn fleire klager til Ålesund kommune ved sprenging i Aspevågen. Det var klager på voldsomme salver som skremte opp folk og vekke opp småbarn som sov på kvelden. • Ved vurdering av konsekvensar for alternativ plassering for deponi, sjø eller land, må ein vurdere støy som del av utgreiinga. • Lydbølgjer oppfører seg annleis over sjø enn land. Støy tilknytt arbeid kveld/natt må unngås i dei aller fleste tilfeller.
Beredskapsmessige vurderingar/ROS-analyse	<ul style="list-style-type: none"> • Sjekk mogleg fare i og rundt området (ev. gjennomførte ROS-analysar, temakart og kartleggingar) • DSB har eiga database (FAST-kart) som viser lagring av farlege stoffar • Korleis skal samfunnstryggleik takast vare på, mellom anna gjennom førebygging av risiko og sårbarheit* • Vurder behov for nærare undersøking (for eksempel grunn, rasfare, stormflod mm.) • IForslagsstillar skal nytte Statsforvaltaren si sjekkliste for risiko og sårbarheit. Faremoment som måtte gå fram av sjekkliste må vurderast nærare. <p>(NVE ber om at alle geotekniske rapportar kommunen får til behandling i ei plansak skal sendast NADAG for registrering.)</p>
Høyringspartar og behov for medverknadsprosessar Intern varsling om oppstart i kommunen	<ul style="list-style-type: none"> • Aktuelle offentlege organ og andre interesserte som skal varslast om planoppstart (bruk kommunen si høyringsliste)* • Vurder behov for medverknad og prosessar for samarbeid frå relevant fagmynde, grunneigarar, festarar, naboar og andre partar som planarbeidet vedkjem* • Havforskningsinstituttet • Fiskeridirektoratet • Fiskarlag <p>NB! Viktig å avgjere kven som er berørte partar. Kan det vere lurt å utvide radiusen for kva ein tenker på som naboar? Ut frå kommuneoverlegen sin uttale er det viktig at befolkninga langs land er oppmerksam på tiltaket og blir varsla før sprenging (dialog), slik ein unngår uheldige reaksjonar.</p> <p>Saksbehandlar Elin Grete Vatnehol vil varsle interne partar i kommunen og legge ut varsel om oppstart på kommunen si heimeside.</p>

--	--

GENERELT OM PLANPROSESS OG KRAV

<p>Krav til varsel om oppstart av planarbeid</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Forslagsstillar skal varsle oppstart av planarbeidet i minst 1 avis som er alminneleg lest på staden. Varsling skal innehalde vurdering av KU-plikt. 2. Kommunen legg varsel om oppstart ut på kommunen si heimeside. 3. Samstundes skal det sendast brev til offentlege instansar (sjå vedlagt høyringsliste), grunneigarar og naboar med orientering om planarbeidet, dagens og framtidig planstatus og formålet med planen. 4. Naboliste må bestillast frå Ambita, Norkart eller Proconet (sjå rettleiing på kommunen si heimeside). 5. Høyringsfristen skal vere på minst 4 veker (lenger ved ev. ferie). 6. Referat frå oppstartsmøte skal sendast som vedlegg. <p>Forslagsstillar skal sende digital planavgrensing i gjeldande SOSI-format, samt varslingsbrev og annonsen, til kommunen for kontroll før melding om oppstart.</p>
<p>Kart og plandata</p>	<p>Digitale kart- og plandata kan bestillast frå kommunen sine kartløyisingar og blir formidla via Ambita. Dei blir levert i formata SOSI, DWG eller DXF. (Sjå rettleiing på kommunen si heimeside.)</p> <p><i>Sjekk om det offentlege kartgrunnlaget er nøyaktig nok til å ta stilling til planforslaget (terreng/koter, eigedomsgrensar). Dette gjeld for eksempel sirkeleigedomar (eigedom der grensa ikkje er fastlagt)</i></p>
<p>Krav til innlevering av plandokument</p>	<p>Forslagsstillar/konsulent er gjort kjent med kommunen og plan- og bygningslova sine krav til planframstilling. Plandata skal oppfylle kommunen sine tekniske krav før planforslaget blir sendt til 1. gongs behandling.</p> <p>Kommunen sine krav og malar for planframstilling vil bli sendt direkte til plankonsulenten. (<i>Skal avtalast i møte.</i>)</p> <p><u>Plandokumenta skal leverast i følgjande format:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Plankart i pdf-format og i gjeldande SOSI-versjon - Reguleringsføresegner i pdf- og word-format - Planomtale i pdf- og word-format - Ev. rapportar og utgreiingar i pdf-format <p><u>Andre dokument:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Kopi av kunngjering, varslingsbrev og adresseliste

	<p>- Kopi av innspel ved oppstart av planarbeidet - Ev. illustrasjonar</p> <p>Planavdelinga ønskjer ein god og konstruktiv dialog før planforslaget vert levert inn til behandling.</p>
Framdrift	<p>Saka har blitt lagt fram for planutval som prinsippsak før varsel om oppstart av detaljregulering av Erknefluda, Nordtaren og Skarvøyfluda – utbetring farlei. Avgjersle om delegering av planprosess er handsama etter plan- og bygningslova § 3-7, av planutvalet.</p> <p>Framdrift, med moglege justeringar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Oktober 2021, varsle oppstart • November 2021, vurdere innspel og utarbeide planskisse • Desember 2021, kalle inn til fellesmøte • Mai 2022, utarbeide eit planforslag • August 2022, behandle innkomne merknadar • Oktober 2022, sluttbehandling


STADFESTING OG ATTERHALD

Kommunen sine vurderingar er faglege, generelle og av foreløpig karakter. Naboprotestar, fråsegner frå offentlege etatar og politiske vedtak m.v. vil kunne bringe inn nye moment eller føre til krav om/behov for endringar i planarbeidet undervegs. Oppstartsmøte skal avklare aktuelle tema og spørsmål, men skal ikkje avgjere viktige punkt som skal utgreiast i vidare planprosess fram til endeleg politisk vedtak.

Referat godkjent og kopi mottatt:



Trondheim 13.10.21 Sevrin Gjerde



Ålesund 18.10.2021 Ole Bjørn Molnes

Med helsing
Elin-Grete Vatnehol
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

